



ARBEIDSMILJØPRISEN 2022

Fagforbundet Vestland, Utdanningsforbundet og KS deler kvart år i felleskap ut ein arbeidsmiljøpris i samband med den årlege Arbeidsmiljøkonferansen i Vestland. Konferansen til neste år er lagt til Flesland, Bergen, den 29.- 30. september 2022.

Alle kommunar, fylkeskommunen, kommunale og fylkeskommunale arbeidsplassar er moglege kandidatar til prisen, heilt ned på avdelingsnivå. Overordna for tildelinga av prisen er at det må vera eit samarbeidstiltak eller eit partssamansett arbeid mellom arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida og at tiltaket kan stå som eit godt eksempel for andre.

Som døme på arbeidsmiljøtiltak som kan kvalifisere for prisen kan nemnast:

- Gode tiltak eller prosjekt innanfor satsingsområda for eit meir inkluderande arbeidsliv – IA.
- Livsfaseorientert personalpolitikk og eller kompetanseutvikling.
- Omstillingsarbeid eller endringsprosessar.

Alle tilsette kan føreslå kandidatar til prisen. Forslaga kan sendast KS på e-post ;

sos@ks.no

innan 15. august 2022.